



Hardangerrådet iks



## Vil DU vera med å utvikla Hardanger?

### Hardangerrådet iks søker **DAGLEG LEIAR** i 100 % stilling

Hardangerrådet iks er interkommunalt samarbeidsorgan og Regionråd for dei 4 kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.



Hardangerrådet iks si hovudoppgåve er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Om spennande aktivitet og prosjekt og informasjon om Hardangerrådet iks sjå <http://www.hardanger.com>

Hardangerrådet iks arbeider innafor 3 hovudområde:

1. Politisk samordning og påverknad
2. Kommunalt tenestesamarbeid
3. Næringsutvikling

Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg drift og utviklingsarbeidet i Hardangerrådet iks og rapporterer til styret og til Representantskapet/Regionrådet.

Hardangerrådet iks søker etter dagleg leiar med høgare utdanning, som vil sjå Hardangerregionen som sin arena. Det er ønskjeleg med kompetanse og erfaring i leiing og i prosjektadministrasjon og kunnskap om statlege, fylkeskommunale og kommunale funksjonar og prosessar.

Me søker ein effektiv og ryddig leiar med evne til å fanga aktuelle saker for regionen og som har god munnleg og skriftleg framstillingsevne. I rolla som dagleg leiar i Hardangerrådet iks er det naudsynt å ha fokus på fellesutfordringar som utvikling, samhandling og vekst. Gode kommunikasjonsevner og eit breitt nettverk innan offentleg forvaltning og privat næringsliv er ønskjeleg. Hardangerrådet deltek også i internasjonal aktivitet.

Det vert utarbeidd arbeidsavtale i samsvar med hovudavtalen for offentleg sektor. Løn etter avtale i offentleg regulativ. Pliktig medlemskap i gjeldande pensjonsordning. Kontorstad: Kinsarvik.

Søknad med aktuell dokumentasjon legges inn i her:

<https://ullensvang.easycruit.com/vacancy/3279667/241813?iso=nn>

**Søknadsfrist er 25. januar 2024**

Spørsmål om stillinga kan rettast til styreleiar Solfrid Horne-Moe tlf. 91739876